



Arkivnr: 2018/16565-1
Saksbehandlar: Stine Karoline Olsen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		28.11.2018
Fylkesutvalet		06.12.2018

Turistrute Hardanger - drift utover inneverande kontraktperiode

Samandrag

Fylkesrådmannen la 22. november 2017 fram trafikkplan båt Hordaland (FUV PS 271/17) som gjev føringar for kommande nye transportanbod for båt. I samband med saka gjorde fylkesutvalet mellom anna følgjande vedtak, pkt. 4:

«Båtruter som i all hovudsak rettar seg mot reiselivsmarknaden bør ikkje inngå i den offentleg finansierte kollektivtransporten».

Dagens kontrakt for Turistrute Hardanger har utløp 31.12.2019. I trafikkplan båt Hordaland er tilrådinga for dette sambandet at fylkeskommunen ikkje held fram med å kjøpe transporttenester etter at inneverande kontrakt utløper. Denne tilrådinga er også omtalt i økonomiplandelen av budsjett for 2019-2022.

Turistrute Hardanger har drift i perioden 1. mai–30. september, og er det einaste reine reiselivsproduktet blant alle fylkeskommunen sine båtkontraktar. Sambandet vert marknadsført gjennom etablerte reiselivsaktørar og produkt, mellom anna «Hardangerfjord sightseeing» og «Fjordtours». Skyss sine årlege driftskostnadar for sambandet er om lag 6 millionar kroner.

Turistrute Hardanger medverkar positivt til det totale reiselivsrekneskapet, og har stor verdi for lokalt næringsliv og reiselivsbransje. I eit kostnadsperspektiv er dette imidlertid dyre turar med høg tilskottsandel, og bruken av kollektivmidlane skal først og fremst prioritere å ta veksten i persontransporten og å sikre mobilitetsbehov for innbyggjarane i fylket. Behovet for å prioritere kollektivmidlane blir ytterlegare forsterka av dei økonomiske utfordringane fylkeskommunen står ovanfor i åra framover.

I tråd med vedtaket i trafikkplan båt Hordaland vert det ikkje tilrådd å kjøpe transporttenester for dette sambandet etter at inneverande kontrakt går ut 31.12.2019. Ut frå potensialet som ligg i reiselivsmarknaden bør det ligge til rette for at turistbåtruter kan driftast i regi av kommersielle aktørar.

Økonomi: Saka har innverknad på framtidige budsjett for kollektivområdet.

Klima: Tiltaket vil redusere det totale klimautslippet frå båtrutene i Hordaland.

Folkehelse: Saka omhandlar tiltak som i utgangspunktet ikkje har vesentleg innverknad på folkehelsa.

Regional planstrategi: Saka har tilknytning til Regional Transportplan og Kollektivstrategi for Hordaland.

Forslag til innstilling

I tråd med trafikkplan båt Hordaland vil det ikkje vil bli lyst ut nytt anbod for Turistrute Hardanger etter at dagens kontrakt går ut 31.12.2019.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 13.11.2018

Bakgrunn

Fylkesrådmannen la 22. november 2017 fram trafikkplan båt Hordaland (FUV PS 271/17) som gjev føringar for kommande nye transportanbod for båt. I samband med saka gjorde fylkesutvalet mellom anna følgjande vedtak, pkt. 4:

«Båtruter som i all hovudsak rettar seg mot reiselivsmarknaden bør ikkje inngå i den offentleg finansierte kollektivtransporten».

Dagens kontrakt for Turistrute Hardanger har utløp 31.12.2019. I trafikkplan båt Hordaland er tilrådinga for dette sambandet at fylkeskommunen ikkje held fram med å kjøpe transporttenester etter at inneverande kontrakt utløper. Denne tilrådinga er også omtalt i økonomiplandelen av budsjett 2019-2022.

I denne saka legg ein fram forslag om å ikkje lyse ut nytt anbod for Turistrute Hardanger, i samsvar med trafikkplan båt Hordaland.

Om dagens tilbod og marknad

Turistrute Hardanger har drift i perioden 1. mai–30. september, og er det einaste reine reiselivsproduktet blant alle fylkeskommunen sine båtkontraktar. Dagens tilbod er to turar kvar veg kvar dag, Nordheimsund – Eidfjord. Sambandet vert marknadsført gjennom etablerte reiselivsaktørar og produkt, mellom anna «Hardangerfjord sightseeing» og «Fjordtours».

I perioden 2015– 2017 har ruta hatt ein god passasjervekst, med 23 000 til 31 000 påstigande passasjerar årleg. I 2017 var veksten i passasjertalet på heile 19 prosent.

Turistrute Hardanger er ein nettokontrakt, dette inneber at operatør får alle passasjerinntektene i tillegg til det avtalte beløpet operatøren får for å drifte tenesta oppdragsjevar kjøper. Skyss sine årlege driftskostnadar for sambandet er om lag 6 millionar kroner.

Turistrute Hardanger medverkar positivt til det totale reiselivsrekneskapet, og har stor verdi for lokalt næringsliv og reiselivsbransje. I eit kostnadsperspektiv er dette imidlertid dyre turar med høg tilskottsandel.

Fylkesrådmannen si vurdering

Reiselivsbaserte ruter krev målretta marknadsføring, og inngår i stor grad som del av spesifikke reiselivsprodukt, t.d. rundturar med innlagte stopp og aktiviteter. Framleis kjøp av tenester for dette sambandet, gitt med bruttokontrakt, krev at Skyss har ressursar og kompetanse til å drive marknadsføring og produktutvikling.

Kjøp av tenester til ruter som baserer seg utelukkande på reiselivsmarknaden ligg ikkje naturleg til Skyss sitt oppdrag og mandat. Bruken av kollektivmidlane skal først og fremst prioritere å ta veksten i persontransporten og å sikre mobilitetsbehov for innbyggjarane i fylket. Her vil det vere opent for andre aktørar å drive båttransport og å utvikle marknaden.

Bruken av kollektivmidlane skal først og fremst prioritere å ta veksten i persontransporten og å sikre mobilitetsbehov for innbyggjarane i fylket. Behovet for å prioritere kollektivmidlane blir ytterlegare forsterka av dei økonomiske utfordringane fylkeskommunen står ovanfor i åra framover.

Det vert ikkje tilrådd å kjøpe transporttenester for dette sambandet etter at inneverande kontrakt går ut 31.12.2019. Ut frå potensialet som ligg i reiselivsmarknaden bør det ligge til rette for at turistbåtruter kan driftast i regi av kommersielle aktørar (jf nytt ruteløyve for båt i Hardangerfjorden vedtatt i fylkesutvalet i mai i år).

